

Språknytt



Ambassadør
for norsk språk side 6



Leder

Språkleg sjølvtilitt som smittar

Det blir sagt at IKEA-katalogen er den mest lesne trykksaka i verda etter Bibelen. Medan Bibelen er skriven på hebraisk, arameisk og gresk, er svensk og nordisk dei heilage språka for IKEA. Takk vera ein svensk gründer med dysleksi kan du i dag eta köttbullar i Sydney, leggja deg godt til rette i ei Trysil-seng i Tokyo eller nippa til raudvin i stettglaset Svalka ein sval sommarkveld i Bordeaux.

Ingvar Kamprad, grunnleggjaren av IKEA, hadde problem med å hugsa tal og artikkelnummer på produkta. Difor laga han og systera eit system med skandinaviske stadnamn og personnamn som skulle gjera det lettare for han. Systemet har fungert for fleire enn Kamprad. Det er utvilsamt lettare å hugsa at bokhylla di heiter Billy, enn at ho har artikkelnummer 002.638.50.

Sjølv om IKEA etter nokre år vaks seg ut av Norden, vart dei skandinaviske produktnamna vidareførte. Dette vitnar om sterk språkleg sjølvtilitt. Mange vil kanskje trekkja fram det skandinaviske designet, flatpakkene og unbrakonøkkelen som nøkkelen til suksess for IKEA. Men det kan ikkje vera tvil om at den medvitne haldninga til språk òg har vore ein viktig del av merkevara. Stundom er det betre å skilja seg ut enn å gli inn i mengda.

Norsk, svensk og dansk er små språk samanlikna med dei største verdsspråka. Det kan vera lett å mista motet i møte med den dominerande engelsken og ha overdriven tiltru til kva det engelske språket kan gjera for eit produkt. Men ein blir ikkje nødvendigvis gatesmart av å putta inn nokre engelske ord her og der. Dei nordiske språka fungerer best når ein skal nå nordiske kundar. Og IKEA har bevist at dei nordiske språka fungerer ute i den store verda også. Den språklege sjølvtilitta til IKEA smittar, og den bidreg vonleg til språkleg stoltheit hos alle brukarar av norsk og dei andre nordiske språka.

Åse Wetås, direktør i Språkrådet

Innhold 2 | 2019

- 3 Klarspråkskonferanse
for hele verden
- 5 Språkbrukeren
- 6 Intervjuet



- 10 Felles språk gir god helse
- 13 Ny og klar forvaltningslov
- 14 Ansvar for eiga læring?
- 17 Med andre ord
- 18 Attende til røtene



- 24 Kva trengst for å sikra eit
språk under press?
- 28 Paven i språket
- 30 Vår språkhistorie i fire bind

- 31 Nyord
- 32 Klipp
- 33 Leserspørsmål
- 36 Historia bak



Klarspråkskonferanse for hele verden

Er du opptatt av godt språk og effektiv kommunikasjon? Velkommen til den internasjonale klarspråkskonferansen PLAIN, som finner sted i Oslo i høst!

AV TORUNN REKSTEN

Temaet for konferansen er resultater og virkninger av klar kommunikasjon. Dyktige innledere fra 20 land viser virkelige eksempler på at klar kommunikasjon kan spare tid og penger, skape tillit og fremme demokratiet. På konferansen kan du lære om gode arbeidsmetoder, delta i diskusjoner og være med på å forme fagfeltet videre.

Verden til Norge

Blant hovedinnlederne på konferansen er Neil James fra Australia, Joseph Kimble fra USA, Angela Morelli fra Italia/Norge, Christine Smith fra New Zealand, Kresten Bjerg fra Danmark og Loveleen Brenna, Johan Tønneson og Jon Christian Nordrum fra Norge.

I denne sammenhengen brukes «kommunikasjon» i vid forstand og omfatter digitale tjenester, visuell utforming, klart lovspråk, tjenesteutvikling med mer. Med «resultater og virkninger» menes blant annet effektivisering

og innsparinger, bedre rettsikkerhet, mer demokrati og medbestemmelse i samfunnet. Gjennom plenums- og parallellsesjoner med foredrag, arbeidsverksteder, paneldebatter, casepresentasjoner og diskusjoner vil innlederne belyse ulike aspekter av konferansetemaet:

Klart språk for demokrati og rettsikkerhet

Hvordan kan vi bruke språket slik at folk settes i stand til å forstå sine retter og plikter? Hvordan formidler vi livsviktig informasjon i krisesituasjoner?

Klart språk for mangfold og inkludering

Hvordan kan vi inkludere flere i samfunnet ved hjelp av klart språk? Hvordan kan vi bruke språket som hjelp til selvhjelp? Hvordan skriver vi for personer med spesielle behov?

Klart språk og det digitale skiftet

Hvilken rolle skal klart språk ha i utviklinga av digitale tjenester? Hvordan fungerer språket sammen med interaksjonsdesign og visuell utforming? Hvordan kan vi jobbe med terminologi og begrepskoordinering?

Klart språk i praksis

Ja visst, klart språk er viktig – men hvor begynner vi? Hvordan bygger vi en kultur for klart språk, og hvordan lærer vi opp medarbeiderne? Hvordan får vi til klar fagformidling og tverrfaglig samarbeid? Og hvordan kan vi måle effektene av arbeidet? Er det mulig å lage en internasjonal standard for klart språk?

Klart språk lønner seg

Hvordan kan vi spare penger på å bruke klart språk? Hvordan kan klart språk gi mer effektiv saks- og kundebehandling? Kan vi bruke klart språk for å styrke kundenes og borgernes tillit?

Norge til verden

Arbeidet med klarspråk har lenge vært prioritert i den norske språkpolitikken. I ti år har

Språkrådet og Difi samarbeidet tverrfaglig om klart språk i forvaltninga, og Norge er nå et foregangsland på dette feltet. Samarbeidet mellom Difi og Språkrådet er en viktig grunn til at «den norske klarspråksmodellen» har gitt så gode resultater. De arbeidsmodellene som brukes i Norge og de andre nordiske landene, har vakt oppmerksomhet i internasjonal sammenheng. Derfor inviterer vi også til en forkonferanse om det nordiske arbeidet.

Klarspråksorganisasjonen Plain Language Association International (PLAIN) står bak konferansen. PLAIN fikk nylig sin første nordiske president, Margrethe Kvarenes. Kvarenes leder til daglig seksjonen for språk i skole og offentlig forvaltning i Språkrådet, og de siste elleve årene har hun vært sentral i det statlige klarspråksarbeidet.

– Det er virkelig en tillitserklæring å bli valgt til president for PLAIN. Jeg har selv hatt stor nytte av å delta i det internasjonale samarbeidet, og spesielt konferansene har vært til inspirasjon, sier Kvarenes.

– Nå gleder jeg meg til å ønske klarspråksinteresserte fra hele verden velkommen til PLAIN-konferansen i Oslo!

PLAIN 2019

- PLAIN (Plain Language Association International) er en internasjonal klarspråksorganisasjon med medlemmer i over 30 land.
- Difi og Språkrådet er lokalt vertskap for årets konferanse. PLAIN-konferansene har tidligere vært arrangert blant annet i Amsterdam, Sydney, Stockholm, Vancouver, Dublin og Graz.
- Konferansen finner sted i Oslo 25.–27. september 2019 på Radisson Blu Scandinavia Hotel og Universitetet i Oslo.
- Målgruppa for konferansen er alle som jobber med eller er interessert i klarspråk, både i Norge og i resten av verden. Konferansespråket er engelsk.
- Les mer om konferansen på plain2019oslo.org.





Journalsspråk

«Venstresidig mediainfarkt med sekvele i form av ekspressiv afasi og spastisk hemiparese, samtidig fått påvist ACIP-aneurisme på høyre side.»

SLIK LYDER EN EPIKRISE etter et sykehusopphold. Medisinske journaler består av faguttrykk, stammespråk og forkortelser, med en blanding av greske, latinske og engelske ord og uttrykk. Noen av dem er fornorsket, andre ikke.

Latinske ord brukes typisk om anatomiske strukturer, som *cerebrum* om (stor-)hjerne, mens sykdommer benevnes med greske ord, som *encephalitis* om hjernebetennelse. I medisinsk språk fornorsker vi gjerne uttrykkene, slik at *encephalitis* blir til encefalitt og *sequela* til sekvele (følgetilstand etter en sykdom eller skade). Vi liker også å bruke eponymer, som parkinson, alzheimer og huntington. Enhver lege håper nok å få oppkalt en sykdom etter seg selv.

Særlig vanskelig blir det å lese en journal når den er full av synonymer brukt om samme sykdom. Et godt eksempel er hjerneslag, som også kalles *apoplexia cerebri* (apopleksi) og *cerebralt insult*. Det er også vanlig å bruke kortformen *slag*, spesielt i sammensatte ord som *slagenhet*, *slaglege* og *slagsykepleier*. Når

ulike ord brukes om samme tilstand og ulike uttrykk tillegges ulik betydning, blir det vanskeligere å søke etter relevant informasjon i en lang journal.

I engelskspråklig litteratur brukes *stroke* om hjerneslag, men også *cerebrovascular accident* og *brain attack*. Som en kuriositet kan jeg nevne at man tidligere brukte *slaganfall* på svensk, men det er nå erstattet av det engelske *stroke*.

De siste årene har elektroniske løsninger gjort at stadig flere pasienter får digital tilgang til store deler av pasientjournalen. Innsyn i egen journal har pasienter hatt helt siden 1977, etter en sak i Høyesterett, men bare i form av utskrifter av journalen hvis de søkte om det. Siden pasienter nå har lettere tilgang til egen journal, er det viktigere enn noen gang å gjøre journalspråket forståelig for pasientene.

Det blir derfor spennende å se om legene vil formulere seg annerledes i fremtiden, slik at også «folk flest» forstår hva vi skriver:

«Pasienten har fått påvist hjerneinfarkt i venstre hjernehalvdel som tilsvarer forsyningsområdet til den midtre hjernearterien. En følge av dette er vansker med å finne ord, og kraftløshet i høyre halvdel av kroppen, uten evne til å slappe av. Pasienten har også fått påvist en utvidelse i blodåren som forsyner nedre, fremre del av høyre lillehjernehalvdel.»

Norwegian Wood

Han er den høgste representanten for Storbritannia i eit land der «alle» snakkar engelsk. Likevel begynte han på norskkurs med ein gong han fekk jobben. Møt ambassadør Richard Wood.

TEKST LARS IVAR NORDAL | FOTO HERMAN EKENDAHL-DREYER

– **DEFINITIVT PREPOSISJONANE.** Dei er eit mareritt. Det er heilt umogleg å forstå korleis de brukar preposisjonar på norsk. Slik som «i sommar» og «om sommaren». Kva er logikken i det?

Dronning Elizabeths sendemann i Noreg sit i ein djup, kvit sofa blant tunge teppe, orkidear og kineseri og ristar på hovudet.

– Og så er det dette med grammatisk kjønn. Kvifor heiter det stolen, men bordet. Det er vanskeleg for oss engelskspråklege.

Etter knapt eitt år i Oslo er norsken til Richard Wood imponerende, men somme ting er enno vanskelege. Han er diplomat med lang fartstid i britisk UD, ein jobb som har ført han både til Sør-Afrika, USA og Irak. Men ambassadørposten i Noreg er hans første. Og med ein slik jobb følgjer det enkelte gode, slik som ein herskapeleg residens på beste vestkant i Oslo. Her heng bilete av både dronninga og prins Philip på veggen, ja endåtil dronningmora har fått ramme i gull. Med servering av te og biscuits er inntrykket av eit lite stykke Storbritannia i Noreg nesten komplett. Men intervjuet går på norsk.

– Min jobb er å tolke det som skjer i Noreg for London. Det klarer du ikkje om du ikkje kan språket og forstår landet. Så då eg fekk vite at eg skulle bli ambassadør i Noreg, begynte eg på språkkurs med ein gong. Eg sat i kjellaren i utanriksdepartementet i London i eit halvt år og lærte norsk. Det var veldig hardt arbeid.

Jobbar alle britiske ambassadørar så hardt med språket?

– Eg var faktisk med på å lage regelen som seier at alle britiske ambassadørar i Europa skal lære språket i det landet dei kjem til. Det har vore ein del debatt om dette, sidan nokre språk er vanskelegare å lære enn andre, slik som finsk. Men særleg no i desse brexit-tider er dette eit viktig signal å sende. Det viser at Storbritannia ikkje forsvinn ut av Europa – me er her framleis. ►





«For å forstå kva som er viktig for nordmenn, må me meistre språket.»

«Sjølv om nordmenn snakkar nesten perfekt engelsk, så snakkar dei ikkje engelsk med kvarandre.»

Brexit

Akkurat dét er det store temaet i britisk og europeisk politikk for tida: Kva skjer med Storbritannia og EU? Nokre dagar før me møter Wood, har statsminister Theresa Mays framlegg til brexit-avtale vorte nedstemt av det britiske underhuset for tredje gong. Polemikken har vore skarp på begge sider.

– Det er nok litt rart for nordmenn å sjå på det som skjer i parlamentet. Men for meg er det viktig å understreke at det skjer mykje meir mellom Noreg og Storbritannia enn berre brexit. Eg vil gå ut i Noreg og snakke om energi, forsvar og forskning, og det vil eg gjere på norsk.

Kvifor er det viktig for deg?

– For det første handlar det om å vise respekt for landet eg bur i. Det er mange nordmenn som synest det er vanskeleg å uttrykke seg like nyansert på engelsk som på norsk, og eg vil at dei skal kunne snakke norsk til meg. For det andre er det viktig for meg sjølv; eg vil kunne lese avisene, følge debattane på radio og tv og dra på møte i tenketankar her i Oslo. Sjølv om nordmenn snakkar nesten perfekt engelsk, så snakkar dei ikkje engelsk med kvarandre. Debatten går føre seg på norsk, så for å kunne delta i han og forstå kva som er viktig for nordmenn, må me meistre språket.

Samtidig spelar det engelske språket ei stadig viktigare rolle i det norske samfunnet.

– Eg har jo lagt merke til at mange tek inn engelske ord når dei snakkar norsk, det har eg høyrst også i andre land. Det er jo ikkje så rart, når ein tenkjer på kor mykje input folk får på engelsk. Men eg håper nordmenn skal sjå verdien av både å ha eit eige språk og å vere gode

i engelsk som andrespråk. Nordmenn er svært privilegerte som meistrar eit framandspråk både profesjonelt og privat, i tillegg til å ha eit eige språk. Det er ei gåve.

– Me må hugse på at språk gjer oss til dei me er. Norsk språk er uløseleg knytt saman med norsk historie og kultur. Mistar me språket, så mistar me alt dette.

Norsk i eteren

Intervjuet blir avbrote av romstering i overetasjen, og kjapt dukkar ein firbeining opp i representasjonssalongen. Det er ambassadørhunden Hudson, som, til liks med ambassadøren sjølv, faktisk har sin eigen Instagram-konto (hudson_wheaten). Her kan alle som vil, få eit innblikk i livet til Hudson, ambassadøren og ektemannen Xavier i villaen på Frogner.

– Sidan mannen min er fransk, går det for det meste i fransk og engelsk her i huset. Blant dei tilsette på ambassaden er om lag halvparten norske og halvparten engelske, men arbeidsspråket er engelsk. Så her på ambassaden blir det lite høve til å øve på norsken min.

Likevel vegrar ikkje Wood seg for å bruke norsk offentleg. Det gjorde han til dømes då han stilte opp på direkten i Dagsnytt 18 i januar i år og snakka om brexit – på norsk.

– Det var skremmande. Eigentleg er eg ikkje god nok i norsk til å gjere det. Men programleiar Espen Aas snakka tydeleg, så det var ikkje vanskeleg å forstå han. Det var annleis då eg var med i sendinga til NRK Trøndelag. Der smelte dei til med skikkeleg trøndersk. Eg forstod ikkje eit kvekk, ler Wood.

– Det med dialektar kan jo vere vanskeleg for utlendingar. Dei fleste lærer seg austlandsk/bokmål, men så oppdagar dei kor store skilna-

dene er rundt om i landet. Eg elsker å reise rundt i Noreg og høyre kor mangfaldig norsk er, men det kan vere vanskeleg å forstå. Det er det same med nynorsk. Plutselig ser ein teksting på nynorsk på fjernsyn, og då må ein jo lære seg det også. Ein annan ting er alle stilnivåa: Eg hadde ein norsk lærar frå Bergen som korrigerer meg dersom eg sa «tida» og ikkje «tiden». På same måte må eg velje om eg skal seie «Majorstua» eller «Majorstuen» og «femogtyve» eller «tjuefem». Det er ikkje alltid like lett!



Det er påvist at det blir vanskelegare å lære språk jo eldre ein er. Korleis er det då å måtte lære opptil fleire nye språk i godt vaksen alder?

– Eg er overtydd om at dess fleire språk ein kan frå før, dess enklare er det å lære seg eit nytt språk. Når du har gått gjennom prosessen med å lære språk nokre gonger, så veit du korleis du skal gjere det. Då er halve jobben gjort. Og så veit du at preposisjonane blir eit mareritt, he-he. Men eg trur at om eg hadde prøvd å lære norsk som første framandspråk i min alder, så hadde det vore nesten umogleg.

Ut i verda på ny

Om fire år dreg Richard Wood vidare for å representere det britiske folket i eit nytt land. Då må han truleg finne fram skriveboka på ny.

– Det å lære språk er ein viktig del av jobben vår. Då eg skulle til Sør-Afrika, lærte eg både afrikaans og zulu. Eg håper eg får høve til å gjere det same når eg skal bytte tenestestad neste gong.

Men kva skjer då med norsken?

– Eg håper jo at eg kan få bruke norsken min litt av og til likevel! Når ein jobbar så intensivt med eit land, med folket og næringslivet der, så mistar ein ikkje så lett dei banda ein har knytt. Eg snakkar framleis afrikaans når eg er i Sør-Afrika, og det er tjuefem år sidan eg lærte det. Så den emosjonelle og språklege tilknyttinga er der alltid. Anten eg hamnar i Bangladesh eller Malawi, så kjem eg alltid til å kome tilbake hit. •



Felles språk gir god helse

– Et felles og enhetlig helsespråk vil gi bedre tjenester for pasienter, leger, sykepleiere og mange andre i og utenfor sektoren, sier Alfild Stokke i Direktoratet for e-helse.

AV OLE VÅGE

I HELSESEKTOREN ER datasystemer helt grunnleggende. Der blir opplysninger om pasienter registrert: legebeseøk, diagnoser, innleggelser, sykdomsforløp, resepter og så videre. Systemene er livsviktige i akutte situasjoner. Da er det ikke særlig betryggende at datasystemene snakker så dårlig med hverandre.

Maskiner trenger et felles språk

– I helsesektoren er det de siste tiårene blitt utviklet en rekke datasystemer for ulike formål. Primærhelsetjenesten har hatt sine systemer, spesialisthelsetjenesten har hatt andre. Sykepleiere har hatt andre systemer enn legene. Så finnes det ulike registre, som Kreftregisteret,

Norsk pasientregister og mange andre, forklarer Alfhild Stokke, avdelingsdirektør i Direktoratet for e-helse.

– Problemet er at den teknologiske utviklingen har foregått i siloer. Datasystemene er ikke gode nok til å snakke med hverandre og utveksle informasjon. Det har manglet det vi kan kalle et «felles språk» med enhetlig terminologi og kodeverk. Informasjon går tapt eller blir oppfattet feil fordi den må registreres flere ganger i systemene.

Også maskiner trenger et felles språk for å kommunisere. Skal maskinene kunne utveksle informasjon og statistikk, må de ha en informasjonsarkitektur («felles grammatikk»), og helsebegrepene må bety det samme på tvers av datasystemene. Begreper og koder som *gjestepasient*, *døgnpasient*, *respiratorbehandling* og *diaré ved salmonellaenteritt* må bli forstått og brukt likt.

Det felles språket må være så presist at maskiner settes i stand til å tolke det på sam-

me måte som vi mennesker. Men et slikt felles språk mangler i dag.

Enhetlig og forståelig terminologi

Kashif Waqar Faiz er lege og seksjonsleder ved Akershus universitetssykehus. Han mener at det trengs et langt mer enhetlig og standardisert språk i helsesektoren.

– Når vi mottar akuttpasienter som for eksempel har fått hjerneslag, er det viktig å få tilgang til opplysninger om pasientens forhistorie så raskt som mulig, sier Faiz.

– Det er et problem at teknologien ikke alltid spiller på lag med oss. Det hender fremdeles at vi får tak i opplysningene i brevpost, på CD-rom, på faks og over telefon når en pasient fra en annen del av landet blir innlagt. Når elektronisk pasientjournal blir tilgjengelig med alle relevante opplysninger, vil det gjøre arbeidsdagen vår lettere, og vi vil kunne treffe raskere og bedre beslutninger. ►

ORDLISTE

terminologi

systematisert samling av fagtermer og begreper som hører til en bestemt vitenskap eller et bestemt fagfelt, og som brukes i faglig kommunikasjon, f.eks. anatomi og helseadministrasjon

kodeverk

samling av begreper (gruppering av objekter) der hver beskrivelse er ledsaget av en kode, som kan være tall og/eller bokstaver, og som blir brukt til å registrere medisinsk informasjon til statistikkformål, men ikke til kommunikasjon

primærhelsetjenesten

kommunal helsetjeneste som omfatter bl.a. fastleger, legevakt, helsestasjoner og sykehjem

spesialisthelsetjenesten

helsetjeneste som krever spesialistkompetanse, og som omfatter bl.a. sykehus, spesialistpoliklinikker og laboratorier

elektronisk pasientjournal

elektronisk ført samling eller sammenstilling av nedtegnete/registrerte opplysninger om en pasient i forbindelse med helsehjelp

Les om helsespråk på www.klarspråk.no.

– Et annet problem er at bruken av ord og fagtermer ikke er samkjørt. Når jeg går gjennom store tekstmengder med pasientopplysninger, må jeg søke på flere synonyme ord for det samme begrepet. Jeg må gjerne søke på *slag*, *hjerneslag*, *cerebralt insult*, *apopleksi* og *cerebrovaskulær sykdom*, som alle betyr det samme, fordi jeg må sikre meg all relevant informasjon fra pasientjournalen. Om jeg ikke fanger opp alle opplysningene, kan det i ytterste konsekvens gå på helsa løs, sier Faiz.

Det trengs altså en standardisering av fagterminologien i helsesektoren. I tillegg bør sektoren bli enig om en terminologi som er forståelig for pasientene og ikke bare legene, mener Faiz. Derfor burde den standardiserte fagtermen for *apopleksi* være *hjerneslag*. Pasienter kan få tilgang til egen pasientjournal på pc-en sin hjemme, og da bør helsesektoren bruke et språk som så mange som mulig forstår.

Felles språk gir bedre informasjonsflyt

Direktoratet for e-helse ble opprettet i 2016 for å bidra til felles innsats og nasjonal styring av IKT-utviklingen i helsesektoren. Direktoratet er klar over problemene i helsesektoren.

– Vi ser at mange pasienter må gjenta de samme opplysningene om seg selv flere ganger til ulike deler av helsetjenesten når de skal undersøkes eller behandles. Det er frustrerende for pasientene og kostbart for sektoren. Derfor arbeider direktoratet for å bedre informasjonsflyten. Det vil gagne ikke bare pasienter og helsepersonell, men også forskere, leverandører, helsepolitikere og andre beslutningstakere som er avhengige av informasjon av høy kvalitet og gode helsedata, sier Alfild Stokke.

E-resepten er et godt eksempel på at direktoratets arbeid gir resultater. En sentral reseptdatabase som både fastleger og apotek er koplet til, gjør hverdagen langt lettere for alle parter. Leger får bedre oversikt, og det er lettere for pasientene å hente ut medisinen.

– Felles språk vil kunne bringe kunnskap

og resultater av innsamlete data raskt tilbake til brukerne og muliggjøre umiddelbare tilbakemeldinger til helsepersonell. Dessuten bidrar det til at pasientsikkerheten blir bedre. Vi ser også muligheter for kunstig intelligens som kan beite på store, kvalitetssikrede datamengder når et felles språk er på plass. Direktoratet har derfor etablert et nasjonalt program for språkarbeid i elektronisk pasientjournal og andre datasystemer. Vi har også etablert et eget terminologisenter som sammen med helsesektoren skal sikre at engelske fagtermer blir oversatt til gode norske fagtermer når viktige internasjonale datasystemer innføres, forklarer Stokke.

Helsespråket angår hele samfunnet

Språkrådets direktør Åse Wetås er glad for at det satses på godt språk i helsesektoren.

– Språket i helsesektoren angår oss alle. Derfor må både helsepersonell og de som utvikler tekniske løsninger, legge ekstra vekt på klarspråk og forståelig, enhetlig fagterminologi. Helsesektoren må dessuten sørge for at begge målformene blir ivaretatt. Mange fagpersoner og pasienter bruker nynorsk til daglig, og helseforetaket Helse Vest har nynorsk som tjenestemål. Når helseinformasjonen skal digitaliseres, er det mest effektivt å røkte språket på begge målformer samtidig, sier Wetås.

– En kvalitetssikret helseterminologi vil være svært interessant for resten av samfunnet. Om flerspråklige termlister på helseområdet blir gjort tilgjengelige for gjenbruk, kan det lages flere språkteknologiske produkter som er tilpasset sektorens behov, for eksempel automatisk oversettelse mellom språk og målformer.

Språk er ikke bare kommunikasjon mellom mennesker. Språk er en del av den digitale infrastrukturen vår. Det gir helt nye muligheter for å ta vare på og videreutvikle språket vårt. Dessuten blir det god helse av det.

Ole Våge er seniorrådgiver i Språkrådet.



Meir informasjon
om arbeidet med
språk i lover finst på
klarspråk.no.

Ny og klar forvaltningslov

Forslaget til ny forvaltningslov inneheld språklege krav. – Viss dette blir vedtatt, er det historisk, seier direktør i Språkrådet, Åse Wetås.

FORSLAGET TIL NY FORVALTNINGSLOV blei lagt fram i mars. Lova skal først og fremst gjelde for dei forvaltningsorgana som høyrer til staten, fylkeskommunane og kommunane. Lovforslaget seier at forvaltnings-språket er norsk, og at forvaltningsorgana blir pålagde å bruke eit språk som er klart, presist og tilpassa mottakaren. Dessutan har lovutvalet lagt vekt på klart og forståeleg språk i sjølve lovteksten.

– Det er rett og rimeleg at sentrale lover som vedkjem mange, blir skrivne slik at dei er lette å forstå, seier Wetås.

Språkrådet har kome med innspel til forvaltningslovutvalet undervegs og levert utkast til omsetjing av lovteksten til nynorsk. I NOU-en (Noregs offentlege utgreiingar) blir lovforslaget presentert både i bokmålsversjon og nynorskversjon.

Klart språk i viktige lover

Klart språk og ryddig struktur inngår i mandatet til fleire utval som skal skrive nye eller revidere eksisterande lover. Det gjeld mellom anna desse:

- ny vallov
- ny opplæringslov
- ny universitets- og høgskolelov
- ny straffeprosesslov
- ny barnelov
- ny kommunelov

I mandatet til utvalet som har revidert kommunelova, heiter det: «Hensynet til forenkling, oversiktligheit, lesbarhet og praktisk anvendbarhet må stå sentralt ved utarbeidingen av lovteksten.» Dette har skjedd med hjelp frå Språkrådet. Den nye kommunelova blir truleg sett i kraft hausten 2019.



Ansvar for eiga læring?

Elevar i den norske skulen har rett til å få læremiddel på si eiga målform. Men i praksis opplever mange elevar at dei sjølve må ta ansvar for å få oppfylt dei språklege rettane sine.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

DORDI BOKSASP LERUM (16) er oppvaksen i Luster i Sogn og Fjordane, eit område der majoriteten skriv nynorsk. Da ho flytta til Tingvoll på Nordmøre, tilhørde ho ikkje lenger det språklege fleirtalet. Lerum fortel at skulen har vore fleksibel og tilrettelagt mykje for at ho skal få læremiddel på målforma si. Likevel trur ho at dette er unntaket, ikkje regelen.

– Eg kjenner mange som har hatt problem med å få tak i læremiddel på hovudmålet sitt. Ofte tek det lang tid før ein får det ein har krav på.

Opplæringslova, som sikrar elevar retten til læremiddel på baa målformer, vart vedteken i 1998. Utover 2000-talet har det vore ei rivande teknologisk utvikling i skulen, men digitale læremiddel og andre ressursar er sjeldan tilgjengelege på nynorsk. Det fører til at den retten nynorskelevane har til læremiddel på eiga målform, i praksis blir svekt.

– Det er utfordrande med digitale læremiddel. Så lenge dei ikkje finst på nynorsk i det heile, er det lite skulane eller skuleeigarane kan gjera, seier Lerum.

«Vi får eit dårlegare fagleg utbytte når vi ikkje får bøker på vårt eige språk.»

SKULEELEV DORDI BOKSASP LERUM

Foto: Anna Sofie Ekeland Valvatne



Ho meiner konsekvensane er store for elevar som ikkje møter målforma si i skulen.

– Det er svært uheldig. Vi får eit dårlegare fagleg utbytte når vi ikkje får bøker på vårt eige språk, og det er neppe nokon som synest det er bra. For meg er det tyngre å lesa ein tekst på bokmål. Det er likeins den motsette vegen, det er tyngre for ein bokmålselev å lesa på nynorsk.

Lova må gjelde digitale læremiddel

I dagens lovverk finst det eit parallellitetskrav som skal sikre læremiddel på bae målformer: «I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris.» Lova skil ikkje mellom trykte og digitale læremiddel, men ein rapport frå 2018 viser at dei digitale læremidla ikkje ser ut til å bli handsama på same måte som dei tradisjonelle.

Når opplæringslova nå er under revisjon, er det viktig å syte for at parallellitetskravet blir tydelegare og meir tilpassa dagens realitetar, meiner direktør i Språkrådet, Åse Wetås.

– Opplæringslova treng ei teknologisk oppdatering. Dei språklege rettane til elevane gjeld uavhengig av format. Det må koma tydeleg fram i lovteksten kva som skal reknast som læremiddel, og som dermed blir omfatta av parallellitetskravet.

I 2017 sette regjeringa ned eit utval som fekk i oppdrag å sjå på regelverket for grunnopplæringa og føreslå ei ny opplæringslov. Deravande kunnskapsminister Henrik Asheim

sa at eitt føremål med revisjonen er å redusere behovet for hyppige endringar av regelverket. Utvalet skal levere utgreininga si innan 1. desember 2019.

Programvare må reknast som læremiddel

Teknologien får ein stadig større plass i norske klasserom. Ifølgje ei undersøking frå 2018 har halvparten av kommunane gjort politiske vedtak om at elevane skal ha datamaskin eller nettbrett. For barnetrinnet gjeld dette kvar fjerde kommune. Med ei datamaskin får ein elev langt fleire verktøy og moglegheiter enn ei tradisjonell lærebok kan tilby, men desse verktøya har nokre språklege konsekvensar.

Utdanningsdirektoratet reknar ikkje programvare som læremiddel, og programvare blir difor ikkje omfatta av parallellitetskravet. Men dersom elevane skal ta del i den digitale opplæringa, må den digitale infrastrukturen vera tilgjengeleg på elevane sitt språk.

– Programvara som blir brukt i skulen, bør ikkje vera til hinder for språkopplæringa til elevane. Vi meiner det bør bli stilt språklege krav til programvare, og at opplæringslova bør innlemme programvare i definisjonen av læremiddel. Skjermespråk, redigeringspråk og korrekturverktøy bør vera tilgjengelege på bae målformer, seier Wetås.

Behov for sentrale ordningar

I dag er det skuleeigarane som har ansvaret for at elevane får dei læremidla dei har krav ▶

«Opplæringslova bør innlemme programvare i definisjonen av læremiddel.»

SPRÅKDIREKTØR ÅSE WETÅS

Foto: Moment Studio



på. Det vil seia at kommunane har ansvaret for grunnskulane, medan fylkeskommunane eig dei vidaregåande skulane. Ansvaret gjeld uavhengig av kor mange elevar som brukar bokmål og nynorsk i kommunen eller fylkeskommunen. Likevel ser ein at elevar blir tekne omsyn til i varierende grad ulike stader i landet, meiner Dordi Boksasp Lerum.

– Det bør ikkje ha noko å seia kvar du bur. Du skal uansett ha tilgang til læremiddel på ditt eige språk, anten du er i fleirtal eller mindretal. Det kan ikkje vera opp til økonomien til enkeltkommunane, og det kan heller ikkje stå og falle med ein tilfeldig lærar.

Slik det er i dag, blir elevane ofte sittande med ansvaret sjølve, fortel Lerum.

– Ein må gjerne stå på sjølv for å få det ein har krav på, men det er ikkje alle som orkar å gå inn i ein konflikt.

Åse Wetås trur til liks med Lerum at ein bør drøfte ansvarsfordelinga. Det er ein omfattande jobb for ein liten kommune å vurdere og godkjenne ei stor mengde læremiddel.

– Vi ser eit behov for sentrale ordningar som kan hjelpe skuleeigarane med å etterleva krava i opplæringslova. For eksempel kan eit læremiddelregister eller ei innkjøpsordning gjera jobben lettare for skuleeigarane. Det kan òg vera ein idé å utvikle sentrale ressursar som tospråklege ordbøker.

Ny læreplan i 2020

Utdanningsdirektoratet er i gang med å fornye

læreplanane i skulen. Når læreplanane blir tekne i bruk hausten 2020, kjem det mykje nytt undervisningsmaterieil. Dordi Boksasp Lerum håpar at ho kan få dei nye læremidla til same tid som klassevennene sine.

– Kvar gong det er lagt fram ein ny læreplan, har læremidla vorte bytte ut, og kvar gong har nynorskelevane venta mykje lenger enn bokmåselevane. Eg håpar at det ikkje skjer denne gongen.

Sjølv om forlag og andre leverandørar av læremiddel ikkje har eit lovpålagt ansvar for å levere læremiddel på baa målformer, trur Åse Wetås at dei ynskjer å levere eit best mogleg tilbod til skuleeigarane.

– Våren 2018 løyvde Kunnskapsdepartementet 55 millionar kroner til utvikling av nye digitale læremiddel, og i 2019 er det løyvd 48 millionar til innkjøp av slike læremiddel. Med løyvingane følgjer det eit krav om at læremidla må finnast på både nynorsk og bokmål. Vi håpar at dette bidreg til at produsentane ikkje mistar det språklege medvitet.

Samtidig ber ho kommunane om å bruke forbruksmakta si.

– Dersom kommunane lèt vera med å kjøpe inn læremiddel som berre finst på éi målform, blir produsentane pressa til å levere læremiddel på baa målformene. Det finst nokre kommunestyre som har vedteke å ikkje kjøpe inn læremiddel som ikkje oppfyller parallelitetskravet, men vi ser gjerne at fleire følgjer etter. •

I denne spalten tar vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

Eavesdropping – ufsedrypp – tjuvlytting

OVERVÅKING ER AKTUELT som aldri før, men det er ikke det emnet vi skal ta for oss her. Vi skal i stedet granske sammenhengen mellom det engelske ordet for ‘tjuvlytting’ og det gamle norske ordet *upsardropi* ‘takdrypp’. Først slår vi et lite slag for å bruke ordet *ufsa* mer her i steinrøysa.

Ufs, da!

Norsk språk er rikt på korte og fyndige ord som er lite brukt i litteraturen. Noen av disse ordene dukker lett kamuflert opp i engelsk. Det burde kanskje heve statusen deres? Et eksempel er engelsk *eaves* ‘takskjegg’.

Vi finner det under *ups* i J. Fritznors *Ordbog over det gamle norske Sprog*:

- 1) lodret Klippevæg der oventil begrændses af en skarp Kant eller er Yderkanten af en Flade
- 2) Takskjæg (angelsaksisk *efese*, engelsk *eaves*)

Merk at *ups*, et rotord på tre bokstaver, måtte forklares med to sammensatte ord på dansk (*klippevæg*, *takskjæg*). Gammelnorsk kunne være fyndig, og det nyter vi fremdeles godt av. Hadde vi f.eks. ikke hatt *ur* og *røys* fra gammelnorsk, måtte vi vel tydd til *steinhaug*. Men vent: Ordet *ups* har til nylig vært utbredt

over hele landet. Uttaleformene spenner fra *ofs* via *ups* til *oks*. Den rette skrivemåten er *ufs*. Ordet finnes både i hunkjønn (den *ufsa*) og hankjønn. Det finnes selvsagt i stedsnavn, fra Oksefjorden (Tvedestrand) til Ufsekammen (Antarktis).

I tillegg til ‘bergvegg’ kan ordet nå bety ‘framstikkende berg i en skråning’, ‘hammer’ og ‘knaus’. Mange ufser har skarp kant og overheng. Hvis de i tillegg er menneskeskapt, er vi ved betydning 2 ovenfor. Det er den vi finner i engelsk *eaves*.

Engelsk-norske «øredråper»

Nå kommer vi til dråpene og lyttingen i overskriften.

Takdrypp, altså dråper som henger/drypper fra takskjegget, het på gammelnorsk *upsa(r)dropar* (*ufsedråper*). Det gamle engelske *yfsedrype* viste til stedet der slike dråper samlet seg. Det gav opphav til betegnelsen *eavesdropper*: en som står og henger under *ufsa* og lytter til samtalen innenfor. Av dette substantivet laget man verbet *to eavesdrop* ‘å tjuvlytte’.

De som ikke kjenner ordet *ufs* fra før, har nå lært det gjennom *eavesdropping*. Lytter man nøye nok til engelsk, kan det dryppe flere norske ord ned i ordforrådet.


Attende til røtene

Da Trude Lundevall starta si eiga frisørbedrift i 2008, ville nok ingen ha stussa om ho hadde valt eit engelsk namn. Men for å skilja seg ut blant salongar som Mood, Headstrong og Hairport valde ho eit ord med telemarksvri – ispedd ein liten, eksotisk z.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

– **DET VAR EIGENTLEG MAMMA** som fann på namnet *Balanzera*. Ho brukte det på nokre økologiske hårprodukt ho hadde laga. Eg adopterte namnet da ho slutta med desse produkta. På vesttelemarksdialekt betyr det å vera balansert. Det er eit mål for meg at kundane har ro og føler seg balanserte. Men kvar z-en kjem frå, det veit eg ikkje. Det må du nesten spørja mamma om!

Lundevall har éin salong i Kviteseid i Telemark og to salongar i Oslo. Nettsidene og all marknadsføring er på nynorsk, og saman med gründeren bak frisørkjeda Floke vart Lundevall kåra til «Årets nynorskbrukar» 2019. Ho



fortel at det å bruke nynorsk har vore sjølvsagt, samtidig som det er eit medvite val.

– Eg har alltid skrive nynorsk, så det var naturleg for meg. Men eg hadde òg ein tanke om at eg ville skilja meg ut i Oslo. Tidlegare budde eg to år i Danmark, og da skreiv eg ein del bokmål. Da eg kom attende til Noreg, var det naturleg med nynorsk uansett kvar i landet eg hamna. Da var det attende til røtene.

Norsk språk kjennest meir nært

Trude Lundevall utvikla allergi i luftvegane på grunn av kjemikaliene ho brukte som frisør. Etter nokre år utanfor yrket oppdaga ho ein



dansk salongkjede som berre brukte økologiske og naturlege produkt. Ved å bruke naturlege alternativ til dei sterke kjemikaliane kunne Lundevall gå attende til frisøryrket. Ho meiner at norsk språk heng godt saman med den grønne profilen i bedrifta.

– Eg synest det vitnar om tryggleik å bruke norsk i marknadsføringa. Det kjennest meir lokalt, nært og naturleg. Det seier noko om kven vi rettar oss mot, og kva signal vi vil gjeva. Når eg ser andre som marknadsfører seg på norsk, og særleg nynorsk, får eg ei god kjensle. Eg veit ikkje om det er slik for andre, men for meg kjennest det meir ekte.

Godt språk er eit konkurransefortrinn

– Eg trur at mange deler Lundevall sine kjensler, og at ho er inne på noko heilt sentralt. Det norske språket signaliserer noko nært og ekte, seier Nils Petter Strømmen.

Han er seniorrådgjevar i Kantar Media, ei bedrift som blant anna analyserer mediebruk og åtferd blant forbrukarar.

– Å bruke det norske språket på ein kreativ måte kan gje deg ein viss posisjon. Det kan vera eit konkurransefortrinn. Som motkraft til *fake news* er det å vera ekte blitt ein viktig valuta i dagens samfunn.

Om du tek deg ein tur gjennom gatene i ►

Oslo, er det ganske sannsynleg at du støyer på ein del engelske butikknamn og reklameskilt. Ein rapport frå 2014 viste at det på Majorstua i Oslo var like vanleg med engelske butikknamn som norske, og at nynorsk og ikkje-vestlege språk knapt var synlege. Strømmen trur ikkje at utviklinga etter 2014 har vore positiv for norsk.

– I dag er det lagt meir til rette for ein internasjonal marknad, og det er enklare å kommunisere på same språket i fleire land. Mange selskap har ein større marknad enn berre den norske, og da er det både meir praktisk og økonomisk å kommunisere på eitt språk.

Når større selskap får ein dominerande posisjon i ein lokal marknad, vil språket dei brukar, smitte over på mindre aktørar, trur Strømmen.

– Dei store kjedene har ikkje «sal» lenger, dei har «sale». Da blir det fort «sale» hjå nabo-butikken òg.

Ser eit generasjonsskilje

Dagens ungdom er språkmektige og lever tett på engelsk i kvardagen. Gjennom internett, sosiale medium og spel blir dei unge eksponerte for mykje engelsk. Det gjer at den yngre delen av befolkninga truleg har større aksept for bruk av dette språket.

– Dei unge forstår ofte norsk og engelsk

like godt, og dei har nok ikkje eit like sterkt ynske om at norsk må bli brukt i alle samanhengar, seier Strømmen.

I den vaksnare delen av befolkninga har norskspråkleg innhald tradisjonelt vore svært attraktivt, noko som også har vore tydeleg innan fjernsyn og drama. Strømmen trur dette er i ferd med å endre seg, samtidig som han ser at det norske språket framleis når fram til dei unge.

– Det er ikkje nødvendigvis slik at dei unge føretrekkjer engelsk, men dei har kanskje mindre kjensler knytte til språkval og mindre motstand mot engelsk. Samtidig ser vi at det finst massevis av kulturuttrykk på norsk som rettar seg mot unge. Ta for eksempel Cezinando eller Sondre Justad, dei er unge og urbane musikarar som brukar norsk. Det vil overraske meg stort dersom dei unge si haldning til språk er annleis på reklamefronten enn på andre kulturområde.

Strømmen meiner det er ei lettvinnt løysing å tru at ein automatisk når fram til dei unge ved å bruke engelsk, og seier det nærast har blitt ein tradisjon i reklamefaget.

– At vi ser så mykje engelsk i reklame, kjem nok heller av at ein manglar kreativitet, enn at det norske språket ikkje er fleksibelt. Det er ei fallitterklæring å meine at norske ord og uttrykk ikkje er gode nok.

STYRELEIAR I NYNORSK KULTURSENTRUM, LODVE SOLHOLM, OM ÅRETS NYNORSKBRUKARAR 2019

«Gründerane Irene Stana i Floke og Trude Lundevall i Balanzera nyttar nynorsk som ein medviten del av identiteten i bedriftene sine. Dei gjer nynorsk synlegare i både bygder og byar. Innsatsen desse gjer, er viktig for nynorskbrukarane. Det bur nynorskbrukarar i alle kommunane i Noreg, men skriftspråket vårt er ikkje synleg over alt og på alle område. Innsatsen til desse frisørane er med på å auke den språklege sjølvtiliten og medvitte til oss nynorskbrukarar.»



– Dei skandinaviske namna er med på å byggje merkevara vår, seier Stine Odland, kommunikasjonsrådgjevar i IKEA.

Ivar, Billy og Bror

DEI HAR OVER 200 000 tilsette og varehus i meir enn 50 land. I 2018 omsette dei for 39 milliardar euro. Det som starta som ei lita postordrevksemnd i 1943, har i dag blitt til eit verdsomspennande konsern der éin milliard menneske besøker varehusa kvart år. Men denne suksessen handlar ikkje berre om

tal og pengar. Historia om IKEA er òg ei historie om språk.

– I starten var det syster til grunnleggjar Ingvar Kamprad som hadde ansvar for å gjeva namn til produkta. Dei laga eit system som skulle gjera det lettare for Kamprad å hugse namna, sidan han hadde problem med å ►



– Å bruke det norske språket på ein kreativ måte kan vera eit konkurransefortrinn, seier Nils Petter Strømmen, seniorrådgjevar i Kantar Media.

hugse tal og artikkelnummer. Dette systemet finst framleis, og alle nye produkt får skandinaviske namn. Nokre produkt får skandinaviske personnamn eller stadnamn, andre blir kalla opp etter planter og dyr, seier kommunikasjonsrådgjevar i IKEA, Stine Odland.

Kanskje føler nokre danskar seg tråkka på av at golvteppa har danske stadnamn, men dei fleste kjenner nok ei viss stoltheit når dei ser namnet på heimstaden sin på eit IKEA-produkt. Odland fortel at dei nesten berre får positive reaksjonar på produktnamna.

– Namna skapar nysgjerrigheit og in-

teresse blant publikum, og dei er med på å bygge og vidareføre merkevara vår. Det blir publisert mykje om produktnamna, særleg på sosiale medium. Og namna har ulike tydingar på ulike språk, så det kjem ofte artige historier ut av dei.

Tek vare på den svenske arven

I IKEA Noreg brukar dei bokmål, og dei er opptekne av å skrive og snakke som vanlege folk. Om du har bladd i IKEA-katalogen, har du kanskje lagt merke til at dei brukar nokre a-endingar i substantiva.

FRÅ JURYENS GRUNNGJEVING FOR NORDENS SPRÅKPRIS 2017

«Ingvar Kamprad har virkelig bevist en gang for alle at man ikke trenger å drive smått, selv om man kommer fra et lite land. Man trenger heller ikke å bruke engelsk for å gjøre produktene attraktive internasjonalt: På samtlige IKEA-varehus serveres i dag skandinaviske spesialiteter i restauranten, skilt med 'Tack' og 'hej då' møter kundene, og møbelnavnene oversettes ikke. Dermed lærer også vi i Norden at det heter lingon, godis og glass, sovdags, tupplur og gäspa på svensk.

På denne måten har Ingvar Kamprad og IKEA bidratt til at folk både i og utenfor Norden har åpnet øynene for nordisk språk og kultur. Ingen annen bedrift har på samme måte sørget for at et så stort antall mennesker har tatt Norden helt inn i varmen, både i språket og i hjemmene sine.»

– Vi er opptekne av å ta vare på språket, og vi vil ikkje bidra til at hokjønnsorda døyr ut. Difor brukar vi a-endingar der det er naturleg for oss.

Odland vedgår at det ville ha vore naturleg for eit så stort varehus som IKEA å bruke engelsk i større grad.

– Det ville kanskje ha vore enklare, men det ville samtidig ha tatt bort ein stor del av merkevara vår. Språket er ein del av suksessen vår, og det bidreg til å oppretthalde eit samband til den svenske arven.

I 2017 vann IKEA Nordens språkpris. Prisen blir delt ut av Foreningen Norden for å heidre personar eller institusjonar som har bidrege til å auke språkforståinga på tvers av landegrensene i Norden. I grunngevinga trekte juryen mellom anna fram at det ikkje er nødvendig å bruke engelsk for å vera attraktiv på ein internasjonal marknad. Odland fortel at dei er glade for prisen og for å få merksemd for språkmedvitet sitt.

– Det var stas å få denne prisen. Vi har fått ros for å trekkje fram det unike ved den skandinaviske kulturen, og det er vi glade for.

Ä, ö og å

Korleis har det eigentleg gått til at eit lite språk som svensk har bana seg veg ut i verda? Nils Petter Strømmen i Kantar trur ein del av forklaringa er at skandinavisk design allereie

er ei kjend og sterk merkevare.

– Uansett kva du kjøper på IKEA, kjem du i kontakt med svenske ord som minner deg om det skandinaviske opphavet. IKEA har ein pondus som gjer at dei kan tillate seg å bruke svenske namn. Dei viser at dei har god sjølvtilit når dei brukar bokstavar som ikkje finst i andre delar av verda. Det er på grensa til arrogant, men på ein kul måte.

Der andre selskap eller bedrifter unngår ä, ö og å for å fungere betre internasjonalt, gjer IKEA det motsette. Dei kallar gjerne produktane sine for Tändö, Mörbylånga og Förbättra.

– Å bruke desse bokstavane er enkle triks for å signalisere eit skandinavisk opphav. Folk utanfor Skandinavia forstår ikkje kva namna betyr, men dei ser med ein gong at bokstavane ser nordiske ut.

Får kundar på grunn av språket

Medan dei svenske bokstavane stikk seg ut på filippinske og amerikanske varehus, stikk frisør Trude Lundevall seg ut som nynorskbrukar i Oslo. Til liks med IKEA har ho stort sett fått positive tilbakemeldingar på språket.

– Eg har alltid vore oppteken av å ta vare på dialekten min og skriftspråket mitt. Det har aldri vore noko problem, folk forstår meg. Det er faktisk fleire kundar som har sagt at dei valde bedrifta mi på grunn av språket eg brukar. •

SLIK GJEV IKEA NAMN TIL NOKRE AV PRODUKTA SINE

- sofaer, spisestovemøblar og lenestolar: svenske stadnamn
- hyller, skrivepultar og kontorstolar: skandinaviske gutenamn
- hagemøblar: skandinaviske øyer
- teppe: danske stadnamn
- tekstil: skandinaviske jentenamn
- barneprodukt: sopp, pattedyr og deskriptive ord

Innlegg frå Språkdagen 2019

Kva trengst for å sikra eit språk under press?

Det som trengst, er å sikra tilgang til språket og leggja forholda til rette for bruk av språket. For å få det til krevst politisk evne og vilje, eit godt lovverk, økonomiske støttetiltak og aktive språkbrukarar.

AV SIGVE GRAMSTAD

– I ei ny språklov bør det slåast fast at språkvern er eit viktig demokratisk og kulturelt grunnprinsipp, sa Sigve Gramstad på Språkdagen 2019. Foto: Trygve Indrelid / NTB scanpix



INTERNASJONALT ER DET mange programmatisk fråsegner om retten til sitt eige språk. I Europa finst i tillegg eit regelverk som inneheld både standardar og konkrete reglar for vern av minoritetsspråk: Den europeiske pakta for vern av region- og minoritetsspråk.

Pakta er ein konvensjon som Noreg har slutta seg til. Ho gjeld for minoritetsspråk som er og har vore i tradisjonell bruk, og i norsk samanheng gjeld ho for samisk, kvensk, romanes og romani. Pakta gjeld ikkje for det mindre brukte nasjonalspråket nynorsk, i motsetning til i Finland, der ho gjeld for svensk. Europarådet tok spørsmålet opp under første tilsynsrunden, m.a. med Noregs Mållag, og resultatet blei at Europarådet ikkje tilrådde at språkpakta skulle gjelda for nynorsk.

Noreg utviklar politiske ideal

Den europeiske språkpakta har reglar for alle delar av samfunnet, frå utdanningssystemet og rettsvesenet til økonomisk og sosialt liv. Bakgrunnen for denne heildekkinga er m.a. at domeneta for eit språk innanfor eitt samfunnsområde lett kan påverka andre område. Språkpakta inneheld òg reglar om tilsyn, nasjonale rapportar og ein toårleg rapport frå generalsekretæren i Europarådet til Parlamentariskforsamlinga om situasjonen for region- og minoritetsspråk i Europa.

Arbeidet med pakta er ein del av Europarådet sitt arbeid for menneskerettar, noko som òg gir eit viktig politisk signal til medlemslanda. Elles blir det sagt i pakta at europeisk historie har vist at vern av nasjonale minoritetar og minoritetsspråk er viktig for stabilitet, demokratisk tryggleik og fred i Europa, og at kulturelt mangfald og toleranse og respekt for minoritetar er sentralt for dei europeiske verdiane, som demokrati og ytringsfridom.

Desse politiske ideala og standardane har Noreg vore med på å utvikla internasjonalt, og dei er viktige grunnsetningar i det norske samfunnet. Det var såleis enkelt for Noreg å slutta

seg til språkpakta.

Hos oss har språk og språkvern tradisjonelt blitt knytt til utdanning og kultur. I dei siste tiåra har relasjonen mellom språk og minoritetspolitikk blitt sterkare. Det har blitt sett fokus på problemstillingar som ikkje alltid er like lette å handtera, nemleg at minoritetar har visse rettar, og at det er nødvendig med særbehandling for at minoritetsrettar skal kunna oppfyllest. Grunnen er ei erkjenning av tyngdekrafta i majoritetsspråket. Om ingenting blir gjort, vil minoritetsspråket tapa.

Vi ser i fleire europeiske land at oppfatninga om at minoritetar treng særbehandling, er under angrep. Slike tendensar finst i vårt land òg, men den store majoriteten, både innanfor og utanfor Stortinget, meiner at det norske samfunnet skal byggja på demokratiske ideal og eit syn på menneskerettar og kulturelle verdiar lik dei som kjem til uttrykk i språkpakta.

Norsk er nasjonalspråket i Noreg

Retten til språk, også minoritetsspråk, er eit grunnvilkår i eit demokrati. Rett til og vilkår for bruk av minoritetsspråk må fastsetjast i lovs form. Lov føreset ein nasjonal politisk diskusjon, og reglar som er fastsette i eller i medhald av lov, treng dermed ikkje å bli avgrensa til statsorgan, men kan gjelda for heile samfunnet. Ei lov er òg eit prinsipielt vern mot misbruk eller utvatning av reglane, ettersom lovendring krev ny nasjonal politisk diskusjon og vedtak i Stortinget.

I ei ny språklov bør det for det første slåast fast at språkvern er eit viktig demokratisk og kulturelt grunnprinsipp. Retten til å ytra seg på sitt språk og aksept for språket som ein integrert del av norsk kultur og tradisjon må sjåast i samanheng med ei plikt for staten til å halda språket i hevd og gjera det tilgjengeleg i samfunnet.

I formålsdelen av språklova bør det òg slåast fast at norsk er nasjonalspråket i Noreg, og

«Det kan sjå ut til at bruk av andre sanksjonar, som føretaksbot, er ein nødvendig veg å gå om reglane skal følgjast.»

at det skal kunna brukast i alle samanhengar, når ikkje anna er særskilt fastsett. Det siste kan t.d. gjelda bruk av samisk. På den måten kan lova òg vera med på å hindra at engelsk trengjer til side norsk som bruksspråk. Det bør vidare markerast i lova at det finst to norske språk, bokmål og nynorsk. Nemninga «målforn» (for å skilja dei to norske språka) skaper uklarheit og bør avskaffast.

Ei språklov bør vera ei generell, overgripande lov, og ho bør supplerast med reglar i spesiallover, som lov om opplæring. Men all regulering i spesiallov må vera i samsvar med formålet i språklova. Det er òg heilt avgjerande at tilsynet med at språkreglane blir etterlevde, femner om alle samfunnsområde.

Dei seinare åra har det skjedd store endringar på mange samfunnsområde, og det er ei utvikling som ser ut til å halda fram. Ein trend er samanslåing til større einingar. Det skjer innan statleg sektor ved samanslåing av politio- og rettsdistrikt, på fylkesnivå ved samanslåing av fylkeskommunar og på lokalt nivå ved samanslåing av kommunar – og i kommunane er nedlegging og sentralisering av skular eit stadig tilbakevendande tema. Den normale utviklinga er at eit minoritetsspråk i eitt område blir eit endå mindre minoritetsspråk når det området blir ein del av eit større område. Ein

annan trend er flytting av oppgåver mellom forvaltningsnivå og privatisering av offentlege tenester, t.d. innan helse- og omsorgssektoren og samferdselssektoren.

Slike endringar er styrte av heilt andre om-syn enn dei språklege, og konsekvensar for retten til språk er sjeldan vurdert. I ei språklov må slike samfunnsendringar handterast på ein måte som sikrar retten til språket.

Rapportering og tilsyn er avgjerande for at reglar for tilgang til og bruk av språk kan gjennomførast. Sidan lov om offentlig målbruk kom tidleg på 1980-talet, har det normale vore at statlege organ ikkje har oppfylt dei lovpålagde pliktene sine. Lovbrot her har heller ikkje vore så farleg. Ei påminning om at ein bør skjerpa seg, har stort sett vore einaste reaksjon, og sabotering av regelverket har berre ført til utvatning av reglane.

Ei språklov bør derfor innehalda føresegner om eit effektivt tilsynsapparat og eit sett av sanksjonar for regelbrot.

Plikt til å rapportera

Tilsyn inneber m.a. at dei organa som reglane om språkbruk gjeld for, må ha plikt til å rapportera om korleis dei etterlever reglane. Rapportering bør skje til eitt organ, som følgjer opp rapportane. Kvart storting bør drøfta

språksituasjonen minst éin gong, og eit viktig grunnlag for den drøftinga må vera ein samla rapport om den språklege situasjonen med framlegg til oppfølging. Dette systemet er gjennomført på europeisk plan, der landa som har ratifisert språkpakta, rapporterer til Europarådet kvart tredje år, og der ein tilsynskomiteé følgjer opp rapportane og gir tilrådingar til Europarådet om kva som bør gjerast, om rapportane gir grunnlag for slike tilrådingar.

Den europeiske språkpakta inneheld ingen sanksjonar ved regelbrot, bortsett frå den internasjonale gapestokken som gjeld for land som ikkje behandlar minoritetane og minoritetsspråka i samsvar med europeiske standardar og regelverk. På nasjonalt nivå er situasjonen annleis, og statlege tilsynsorgan innanfor andre politikkområde har bøtelagt både offentlege og private verksemder for brot på fastsette reglar.

Snart 40 år utan sanksjonar har vist at verken vennlege eller strenge oppmodingar har ført til særleg betre oppfølging av språkreglane. Det kan sjå ut til at bruk av andre sanksjonar, som føretaksbot, er ein nødvendig veg å gå om reglane skal følgjast.

Mange offentlege organ får eit større geografisk verkeområde enn før. Ei sannsynleg endring er at det vil føra til fleire såkalla språkleg nøytrale forvaltningsområde. I slike område har bokmål i praksis blitt dominerande. Ein auke i språkleg nøytrale område betyr såleis mindre bruk av nynorsk. For å motverka ei slik utvikling bør ein vurdere å innføra kvoteordningar for bruk av nynorsk i språkleg nøytrale forvaltningsområde, på linje med det ein har nasjonalt. Kvotar kan fastsetjast i lov, forskrift eller i samråd med kompetent organ, t.d. Språkrådet, på grunnlag av prinsipp som er fastsette i lov. Retten til svar på eige språk må gjelda utan omsyn til tenestemål.

Kommunal sektor er i dag unnateken frå konkrete reglar om språkbruk, bortsett frå på utdanningsfeltet. Sentralisering av skular,

helseinstitusjonar og kommunal administrasjon vil sannsynlegvis halda fram. Slik sentralisering vil truleg gjera situasjonen verre for det mindre brukte språket. Det er i dag vanskeleg å sjå gode grunnar for å gjera unntak for kommunal sektor frå reglar om språkvern og språkbruk.

Privatisering har ført til at somme tidlegare offentlege tenester no blir utført av private. Det gjeld særleg innan samferdsel, helse og utdanning. Slik privatisering skjer på grunnlag av vilkår som blir fastsette av det offentlege. Dette gjeld ofte basistjenester som folk tradisjonelt har rekna med at det offentlege har ansvar for. Dersom ikkje sikring av språk for slik tenesteyting blir med i vilkår, vedtekter eller på annan måte for dei private som skal stå for tenestene, vil det mindre brukte språket som regel forsvinna. For å sikra at det ikkje skjer, må reglar om språkbruk bli ein del av vilkår for slik privatisering.

Moderne og tradisjonell

Det vanskelege er ikkje å få aksept for at eit demokratisk samfunn òg har ansvar for å ta vare på minoritetane og minoritetsspråka i samfunnet. Det vanskelege er å få aksept for at det krev særlege tiltak, at det som mange oppfattar som «urettferdig særbehandling», er nødvendig for å få eit rettferdig resultat.

Eg håpar at ei ny språklov blir moderne i den meininga at ho tar inn over seg det som skjer i dag av endringar på mange samfunnsområde, og at ho blir tradisjonell i den meininga at ho byggjer på den norske språksituasjonen og tradisjonen for språkleg mangfald, og på arven av dei demokratiske og menneskerettsideala som er grunnfesta i samfunnet vårt og i dei samfunna vi ønskjer å samanlikna oss med.

Sigve Gramstad er jurist og tidlegare leiar av Europarådets ekspertkomité for den europeiske språkpakta.

Paven i språket

Ordbøker over moderne norsk allmennspråk inneholder minst tre slags paver. Den første som nevnes, er selvsagt paven i Roma. På andre og tredjeplass kommer slitsomme «småpaver» og en uspiselig kroppsdell hos krepsdyr.

Paven i Roma

Biskopen i Roma er den romersk-katolske kirkenes overhode og apostelen Peters etterfølger. I gammelnorsk kalte de ham *páfi* (som lydrett utviklet ville ha blitt *påve*). Ordet kom via nordtysk til norrønt fra middelalderlatin, der det het *papa*. Sporene kan følges lenger tilbake, til gammelgresk *papas* og *pappas*. På veien fra gresk til norsk har ordet gått gjennom hele dette betydningsspekteret: 'far' > 'prest' (jf. «fader») > 'biskop' > 'pave'.

Paven har naturlig nok gitt opphav til noen faste uttrykk. Et ganske selvforklarende eksempel er å være *mer katolsk enn paven*. Vi bruker det om noen vi synes overdriver et standpunkt, særlig en lære.

Det å kjele om bagateller eller noe som ikke lar seg avgjøre, kalles å trette om pavens skjegg. Svenskene trette også om *påvens skægg*, mens danskene heller strides om *kejserens skæg*. *Ordbog over det danske Sprog* forklarer det slik: «maaske egentlig strides, om Karl den store eller en anden for længst afdød kejser eller pave havde skæg eller ej (eller om farven paa vedkommendes skæg)». Danskene har tidligere også trettet om *bispens skæg*.

Noen mener at pavens skjegg ikke er noe å krangle om fordi paven ikke har skjegg. Men pavene skal visst ha hatt skjegg mellom 1527 og 1700, så forklaringen virker ikke helt tilfredsstillende. Men nå har vi virkelig viklet oss inn i pavens skjegg, også i overført betydning. Heldigvis trenger man ikke kjenne opphavet

til uttrykket for å forstå det. Man skjønner instinktivt at det handler om flisespikking, hårløyeri eller noe annet fåfengt.

Paven i hummeren

Lenge etter reformasjonen var katolske sympatier ganske utbredt i det norske folket, men hos myndigheter og øvrighetspersoner i Norden var jo ikke *pave* noe plussord. Mange har spurt om det er et gammelt uttrykk for antipapisme at den uspiselige tyggemagen i hummer og andre krepsdyr har hett *pave* i norsk og dansk. Det vet vi dessverre ikke, men det virker sannsynlig at fasjonen, helsefaren eller begge deler har inspirert til en slik oppkalling. (Denne kroppsdelen kalles «the lady» i varianter av engelsk. Det engelske *pave*-uttrykket «the pope's nose» viser i stedet til gumpen på fjærkre.)

Småpavene

Ethvert miljø kan ha en *pave* i overført betydning, en som føler seg viktigere enn andre, en sjølrådig og maktsjuk type, eller en pamp. En slik *pave* er en viktigper, men det er bare tilfeldig at viktigper er navnebror til den første paven (*Per* = *Peter*). Poenget er nok heller at hvem som helst kan hete *Per*. Andre sjølgode paver er *bygdepave*, *maktpave*, *skitpave* og *småpave*.

I norsk kryr det av paver i sammensatte ord (se *Norsk Ordbok*). Ofte viser andreleddet *-pave* bare til en person som er beryktet for



det førsteleddet betegner. Noen eksempler:


eglepave	ertepave	ranglepave	vinglepave
fomlepave	rolsepave	rotepave	somlepave
furtepave	kranglepave	surpave	sutrepave
juksepave	snytepave	skrytepave	skrønepave
lortpave	siklepave	snottapave	snørrpave

Man trenger ikke tenke på paven i Roma når man bruker disse ordene, men det blir kanskje morsommere om man gjør det, på grunn av kontrasten. Legg forresten merke til at *somlepave* og *sutrepave* er synonymt med *somlekopp* og *sutrekopp*. Lignende personkarakte-

ristikker i norsk folkemål har gjerne et synonym for *beholder* som andre ledd (*-kopp*, *-pose*, *-sekk*).

Mer svensk og dansk språkpaveri

I dag er det visst bare nordmenn som omtaler hummermagen som pape, og vi har kanskje også det største utvalget av sammensatte «småpaver». Danskene og svenskene har på sin side flere dokumenterte rester av pavekritikk og religiøs arv i språket. Se gjerne selv under *pave* og *påve* i *Ordbog over det danske Sprog* (ordnet.dk) og *Svenska Akademiens ordbok* (saob.se).



Vår språkhistorie i fire bind

Det nye bokverket *Norsk språkhistorie* er en milepæl i norsk sammenheng.

I NOVEMBER KOM det fjerde og siste bindet i et stort verk om norsk språkhistorie. Fra før finnes det ettbindsutgaver til skole- og studiebruk og vitenskapelige fremstillinger av deler av språkhistorien. I *Norsk språkhistorie* har vi nå fått et samlet, vitenskapelig språkhistorisk verk som dekker språkhistorien vår fra de første runeinnskrifter til de siste tekstmeldinger.

Inndeling etter emne og tid

Norsk språkhistorie I–IV (Novus forlag) omfatter 2500 sider og viser to ulike prinsipper for hvordan man kan lese språkhistorie: etter emne eller etter tid. De tre første bindene er delt inn etter emner, slik at man i adskilte ka-

pitler kan lese for eksempel historien om bøyning av ord, historien om norsk som andrespråk eller historien om synet på norsk språk. Det siste bindet er ordnet etter tid, slik at man kan lese litt om alle språklige fenomener, århundre for århundre. Bindene er ordnet slik: Bind 1 *Mønster*, redigert av Helge Sandøy, tar for seg grammatikk og tekst. Bind 2 *Praksis*, redigert av Brit Mæhlum, tar for seg språk i bruk, både dialekter og andre språk i Norge. Bind 3 *Ideologi*, redigert av Tove Bull, tar for seg tenkning om språk, språk og identitet og språkhistorisk skrivning. Bind 4 *Tidslinjer*, redigert av Agnete Nesse, tar for seg de tradisjonelle, historiske periodene.

Når et ord er ført opp i denne spalten, betyr det bare at vi har registrert at det er i bruk. Det betyr ikke at Språkrådet går god for ordet.

lenkegjengprotest Forstår lenkegjengprotest mot egen regjering. Ketil Kjenseth (V), som leder Stortingets energi- og miljøkomité, sier han har stor forståelse og respekt for dem som nå vil delta i lenkegjeng mot gruvedrift i Kvalsund. [...] Lenkegjenger – demonstranter som lenker seg sammen slik at anleggsmaskiner ikke kommer frem – er tidligere blitt brukt i et forsøk på å hindre utbygging av f.eks. Altaelva i Finnmark.

Aftenposten 15.2.2019

medisinflyktning Hilde Iren Eriksen har ikke fått tak i de livsviktige pillene sine på flere måneder i Norge. Stor medisinmangel har skylda. [...] Mange nordmenn er medisinflyktninger. I Spania kan Eriksen kjøpe hjertemedisinen uten resept. Statens legemiddelverk regner med at det er mange som drar til utlandet for å handle medisiner, men har ingen oversikt.

nrk.no 13.2.2019

misunnelsesbingo Påsken er høytid for en av de syv dødssyndene: misunnelse. Vi speed-dokumenterer ferielivet, og sosiale medierfeeder fylles opp av #idyller og liksom-idyller, der avsenderens hensikt er åpenbar: å bli misunt. [...] Så finn frem Instagram og en tusj eller penn. Kryss av fortløpende for bildetreff når du skroller gjennom sosiale medier. Vi spiller misunnelsesbingo.

A-magasinet 17.4.2019

posemillion Handelens Miljøfond deler ut 30 posemillioner til 73 ulike prosjekt. Dei fleste av oss har bidrege med 50 øre for plastposane. Pengane går til prosjekt som på ulike måtar

skal rydde plast, hindre forsøpling og gjere plastbruken meir effektiv. Dei som har fått støtte, er ulike bedrifter, gründerar, frivillige organisasjonar, forskingssenter, bransjeorganisasjonar, stiftingar og utdanningsinstitusjonar.

Nynorsk Pressekontor 5.2.2019

passstrengt Ombygging av passkontorene fører til lange ventetider flere steder i østlandsområdet. Verst er det i Oslo-regionen og i Sør-Øst politidistrikt. En liten kystby i Telemark har blitt redningen for mange passstrengte østlendinger. – Pågangen har vært veldig stor. På det meste har vi gitt ut 60 pass om dagen. Det har vært lange køer helt inne fra kontoret og langt ut på trappene utenfor, sier politistasjonssjef i Kragerø, Øystein Skottmyr.

nrk.no 20.2.2019



Foto: Jon Olav Nesvold / NTB scanpix

– *I DAG BRUKER BARN* helt ned i to–treårsalderen Youtube til underholdning, der nesten alt er på engelsk. Det er ikke noe galt i å eksponeres for andre språk, for flerspråklighet er en gave, men det er et problem når de ikke møter norsk. Det svekker norskspråkets status.

språkdirektør Åse Wetås, i Dagbladet

– *DET OVERORDNA MÅLET* er at norsk språk skal vera eit fullverdig og samfunnsberande språk også i åra som kjem. Vi skal også verna og fremja norsk teiknspråk, samiske språk og nasjonale minoritetsspråk, sa Blomgren då ho opna Språkdagen. Ho meinte språkmangfald er bra for den einskilde og eit gode for samfunnet, men gjorde det samtidig klart at det finst ein språkleg ubalanse i Noreg. – Maktforholdet mellom dei ulike språka er ikkje likt. Difor treng vi språkpolitikk.

statssekretær Frida Blomgren i Kulturdepartementet, til Nynorsk Pressekontor

– *NOEN AV DE NYE* statlige navnene minner mer om revynummer enn opplysende navn på statlige organer, etater og selskaper. Det er ille, fordi slike navneskifter svekker identitet og røtter. [...] En konsulent- og reklamebransje med sterke egeninteresser har tvunget statens språkpolitikk i kne, og det begynner å bli for seint å reise seg.

Språkrådets styreleder Erik Ulfsby, i VG

– *KAN DE SETJA ORD* på statusen til dialektane i Norge, og skil dette seg frå situasjonen i utlandet? – Ja, den skil seg mykje frå utlandet, seier begge. / Brit: – Norge er internasjonalt berømt for vår dialektbruk på offentlege arenaer. / Unn: – Eg var nyleg på ein stor konferanse der eg snakka om språksituasjonen i Norge, og dei frå andre land trur meg nesten ikkje når eg fortel om vår dialektbruk i radio og TV. Sjølv om andre også brukar dialektar, så har dei fleste eit standardspråk til bruk i offentleg samanheng. / Brit: – Sidan me ikkje har ein slik standard i Norge, blir det eit problem kva me skal lære bort til vaksne innvandrarak. / Unn: – Kjem ein frå eit land med sterke standard-ideologiar, så har dei ikkje lyst til å lære seg norske dialektar.

språkforskerne Brit Mæhlum og Unn Røyneland, intervjuet i avisen Valdres

VISS UNDERVISNING og forskning i aukande grad skal finne stad på engelsk, vil det svekkje stillinga og statusen til norsk språk drastisk i samfunnet elles. Det vil òg skape eit unødig skilje mellom academia og resten av samfunnet. Vellykka akademisk skrivning på eit andrespråk føreset dessutan eit godt fundament i morsmålet. Resultatet kan bli ei framtid der folk skriv dårlegare både på norsk og engelsk.

universitetslektor Hedvig Solbakken, i Dagsavisen



I februar marsjerte «de gule vestene» igjen gjennom Paris' gater. Foto: Harald Henden, VG / NTB scanpix

Spørsmål: Bør ikke kallenavnet på demonstrantene i Frankrike, «De gule vestene», skrives med stor forbokstav? En bevegelse trenger vel ikke å ha en ledelse og en organisasjonsstruktur for å ha stor forbokstav? Dessuten betyr jo navnet noe annet enn «gule vester» i bokstavelig forstand.

Svar: Jo, det er nok nettopp en organisasjon som må til for at en bevegelse skal bli omtalt med stor forbokstav. Inntil videre bør vi skrive «de gule vestene» eller «gulvestene».

Organisasjoner har vedtatte navn og stor forbokstav, mens løse bevegelse eller grupper snarere har kallenavn eller betegnelser med liten forbokstav.

Det har ingenting å si om betegnelsen er metaforisk eller (som i dette tilfellet) metonymisk.

Noen litt haltende paralleller fra fransk historie er *sanskulottene*, *jakobinerne* og *kommunardene*. Drar vi til Thailand, finner vi *rødskjortene* og *gulskjortene*.

Dersom bevegelsen stifter en vedtaksfør organisasjon med navnet «De gule vestene», og organisasjonen utvikler seg i en annen retning enn bevegelsen som helhet, kan vi i prinsippet få et språklig skille mellom «De gule vestene» og den større bevegelsen «de gule vestene».

Spørsmål: Den 26. mars opna statsministeren Noregs fyrste *e-sporthus*. Det var same dagen som det norske *e-fotballandslaget* tok imot svenskane på Ullevaal stadion. Er det rett å skrive desse e-orda med liten e og bindestrek?

Svar: Det stadig meir aktuelle ordet *e-sport* er godt forklart og rett stava både i Store norske leksikon og på Wikipedia.

Ord som startar med forkortinga e- for 'elektronisk', skal altså skrivast med bindestrek. Når ein set eit slikt ord saman med endå eit ord, bør ein la bindestreken stå – heilt i ro! Det heiter såleis *e-sporthus* og ikkje «esporthus», som det står på nettsidene til regjeringa og andre stader.

Prinsippet er det same som for *e-post* og *e-postadresse*.

Rett som det er, ser ein skrivemåten «eFotballandslaget» (t.d. på nettsidene til TV 2). Her er det tre feil. For det fyrste manglar bindestreken, for det andre er det brukt stor «forbokstav» i noko som ikkje er eit særnamn, og for det tredje er ikkje den store «forbokstaven» forbokstav, men bokstav nummer to. Eit ord som er (feil)skrive med stor bokstav inni ordet, kallar vi pukkeldord på grunn av den dromedarliknande profilen.

I staten er det framleis mykje vakling mellom puklar og bindestrekar. Vi finn alt frå det tvilsame «elnnsyn» til det eksemplariske «Direktoratet for e-helse».

Rettskrivinga er heldigvis enkel og grei: Ingen ord har pukkeld, og alle e-ord har bindestrek.

Spørsmål: Kva heiter *bloduttredning/bloduttredelse* på nynorsk, og kva tyder det, eigentleg?

Svar: Bloduttredelse er det at blod «trer» (altså *går*) ut i vevet og kanskje blir synleg, som blåmerke. Det «trer» altså ikkje heilt ut! Nynorsk brukar sjeldan *å tre*, og *å trø* blir ikkje nytta i overført tyding. Ein må difor vurdera samanhengen og til dømes skilja mellom dei overlappende fenomena *blåmerke på leggen* og *bløding i leggmuskelen*. Ordet *blåmerke* kan godt brukast meir der ein ikkje treng presisering (jf. engelsk *bruising*).

Før nytta ein òg uttrykket *underløpet* blod i bokmål, og å vera *blodunderløpet*. Adjektivet *blodlaupen* har funnest i nynorsk, men har vore lite brukt.

Det er ikkje det at nynorsken og norske dialektar manglar ord for fenomenet, men orda verkar nok for direkte og sterke på mange moderne språkbrukarar. Tradisjonelt heiter det mellom anna *blodmelte* og *daudblod*. *Blodmelte* er òg eit verb (t.d. å *blodmelte* seg). I nyare tid har *blodmelte* vore nytta dialektalt i Hordaland, og *daudblod* i nokre fleire fylke (uttalt /dauablo/ o.a. og fleire stader brukt om blodblemmer).

Dersom ikkje noko av det nemnde høver, kan det kanskje vera freistande å skriva *hematom* eller noko anna lærd og flott. Men det er gresk for dei fleste. *Bløding under huden* er meir lesarvenleg (merk at *indre bløding* er eit vidare omgrep).

Ei åtvaring til slutt: Somme mistyder bokmålsordet, *sløyfar* ein -t- (**blodutredning*) og omset til **blodutreiing*. Det er heilt meningslaust.

Om Språkrådet

Språkrådet arbeider for å styrke det norske språket og språkmangfoldet i landet. Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og følger opp den norske språkpolitikken på oppdrag fra Kulturdepartementet.

Dette gjør Språkrådet

- Språkrådet samarbeider med offentlige og private aktører om språkpolitiske tiltak, blant annet om klarspråk i det offentlige og i næringslivet; fagspråk, terminologi og formidling på norsk; fordeling av nynorsk og bokmål i staten og norsk-språklig teknologi. Vi arbeider for at språkopplæringen skal bygge på språkpolitikken. Vi fører tilsyn med målloven og gir råd om stedsnavn.
- Språkrådet gir råd og formidler kunnskap om språk, språkbruk og språkarbeid. Rådgivning på nett, nettorbøker, kurs, seminarer og publikasjoner er viktige verktøy i dette arbeidet. Vi forvalter rettskrivningen i nynorsk og bokmål og følger med på hvordan språket utvikler seg. Vi godkjenner norske ordbøker og ordlister til bruk i skolen.
- Språkrådet fremmer norsk tegnspråk og de nasjonale minoritets-språkene kvensk, romani og romanes og samarbeider med språkbrukergruppene. Vi samarbeider med språkinstitusjoner i andre land, blant annet om å sikre nabospråkforståelse i Norden.
- Språkrådet deler ut Språkprisen for fremragende bruk av norsk i sakprosa og andre priser og stipend. Vi arrangerer den årlige Språkdagen for å sette søkelys på språk og språkbruk i samfunnet.

Hovedmålene for Språkrådets arbeid

- Styrke norsk språks status og bruk på utsatte samfunnsområder
- Fremme norsk som et godt og velfungerende kultur- og bruksspråk
- Ivareta det språklige mangfoldet og språkbrukernes interesser

Direktøren leder Språkrådets sekretariat, som blant annet har tre språkfaglige seksjoner. Styret i Språkrådet er utnevnt av Kulturdepartementet. Språkrådet har tre fagråd med språkkyndige og språkengasjerte personer fra hele samfunnet.

www.spraakradet.no
facebook.com/Sprakradet.NO
twitter.com/sprakradet

Språkrådet

Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50

ANSVARLIG REDAKTØR:
Åse Wetås

KOMMUNIKASJONSSJEF:
Anne Kirkhusmo

REDAKTØR:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@sprakradet.no

JOURNALISTER:
Sigrid Sørungård Botheim
sigrid.botheim@sprakradet.no

Lars Ivar Nordal
lars.ivar.nordal@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@sprakradet.no

Signerte artikler fra
eksterne skribenter står
for forfatterens syn.

Ettertrykk tillatt når
kilden er oppgitt.

OPPLAG: 10 800

Tekstene i dette nummeret
fins også på internett:
www.spraakradet.no/spraknytt



Fire nummer i året
Redaksjonen avsluttet
23.4.2019

LAYOUT: Beate Syversen
beate@b-7.no
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

Forsideillustrasjon:
Foto: Herman Ekendahl-Dreyer

Baksideillustrasjon:
nastco / iStockphoto



Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

HISTORIA BAK

En månte – månten?

Hvordan skal ordet *måned* uttales, og hvorfor sier mange *månte*? Dette får vi ofte spørsmål om.

Vi ser på det siste spørsmålet først. I skrift kan det bare hete: *en måned – måneden – måneder – månedene*.

Vi antar at *månte* har utviklet seg på denne måten: *måneder > månder > månter*. Et barn som hører flertallsformen *månter*, vil nok automatisk gå ut fra at det heter *månte* i entall. Vips, så har vi disse uttaleformene: *en månte – månten – månter – måntene*.

Men er *månte, månter* osv. korrekt bokmål? Det finnes ikke faste offisielle regler for standard bokmålsuttale, men Bjarne Berulfsens *Uttaleordbok* fra 1969 speiler de rådende normene godt. Hos Berulfsen står det:

måned S må:'nød, må:'nøt, må:'ønt;
[pl. må:'nødər, må:'ntər]; **månedlig**
A må:'nødli, må:'nøtli, må:'ntli; **må-**
neds- må:'nøs-, må:'nøts- *f.e. -lov, -vis*

Den «beste» formen er nevnt først, så den bokstavrette uttalen er foretrukket, men de andre er godtatt. Merk at flertall *månter* er godtatt, mens entall *månte* ikke er nevnt. Hvis alle formene hos Berulfsen kan godtas, er det rimelig å godta uttale med stum d også. Bøyningen og uttalen blir da nøyaktig som for himmellegemet *måne*. Dette sammenfallet er gammelt i mange dialekter også.

Hva med nynorsken? *Måned* er et gammelt nad-ord [jf. gammelnorsk *mánaðr*]. I nynorsk heter det derfor *ein månad – månaden – måna-*
der – månadene. (Endelsene -ar/-ane er også tillatt.)

D-en falt bort i talemålet de fleste steder for flere hundre år siden, så dette må regnes som mønstergyldig uttale: *ein måna – måna(e)n – måna(e)r – måna(e)ne*.

